

PROYECTO PASO CADENA.

Kvartalsrapport for 4. kvartal 1993.

Sjukearbeidet.

Sjukepleiaren vår slutta ved utgangen av året, og hadde ferie den siste halve månaden. Dermed vart det ikkje gjort ferdig nokon rapport frå sjukearbeidet. Frå oktober vart det heller ikkje utarbeidd statistikk, men det er all grunn til å tru at talet på handsamingar etc. var omlag det same som tidlegare månader.

Kvartalet starta med to sjølv mordforsøk 3. oktober. Den eine hadde teke ei mild gift, og kasta det opp att snart. Ho overlevde, og ser ut til å vera uten mein. Den andre, ei av 6. klassejentene, tok bomullsgift og døydde. Ho vart køyrd til sjukehus i Ciudad del Este, men alt forgjeves. Då jenta vart gravlagd, var mange av indinarane fulle. Ein ung gut gjekk og tok same slags gift i fylla, og døydde han og. Fleire andre ville gjera det same, men vart hindra.

Det har elles vore ein vasskoppe-epidemi i området og mange har vore sjuke. M.a. jordbruksarbeidaren vår og kona var alvorleg sjuke av dette og måtte på sjukehus.

Sist i oktober vart brevet om overdraging til staten overlevert til helsedepartementet. Me opplyste der om sjukepleiaren vår som skulle slutta. Målet var då å få dei med på tilsetjinga av ny, og få dei til å betala det. Me vart lova løn til sjukepleiar eitt og eit halvt år tidlegare. Men enno, i første kvartal 1994, har ikkje staten kome fram til noko avgjerd på deira side. Me må derfor berre venta vidare.

Skulestyrarinna, Rosa, har arbeidd med sjuke i mange år. Ho har først og fremst teke seg av dei som har kome når det ikkje har vore utdanna sjukepleiar på stasjonen. (Det har vore mange veker pr. år). Ho gjer eit godt arbeid. Men i påvente på utspel frå staten, har me ikkje fast opningstid.

Betaling for sjuketenestene og medisinen dei får, er det vanskeleg å få inn. No ved slutten av året har mange fått arbeid på stasjonen, og slik fått betalt eit del. Men lista er lang framleis.

Skulen.

Det såg ut til at 100 skulle slutta av dette året. Men så tok ei av jentene livet sitt heilt på slutten, og det vart mykje uro i koloniane. Dermed vart det berre 89 som avslutta skuleåret. Her ute er det eksamen etter kvart årstrinn, så skjemaet vart slik:

	Fullførde:	Må gå om att:
1. klasse:	25	7
2. klasse:	20	6
3. klasse:	4	2
4. klasse:	7	3
5. klasse:	7	0
6. klasse:	8	0
<u>Totalt:</u>	<u>71</u>	<u>18</u>

Me ser her at årskullet som utgjorde 3. klasse, var lite. Problemet er ikkje så lågt barnetal, truleg, men lite interesse for skulegang. Årskulla i prosjektida no, er derimot lovande. Vonar me greier å halda på dei oppover i gradene!

